



Arkivnr: 2014/15863-6

Saksbehandlar: Siri Hanson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		

## Rapportering på bruk av tilskot for Business Region Bergen i 2013

### Samandrag

BRB fikk kr 4,964 mill i tilskot frå Hordaland fylkeskommune i 2013. Av desse var 2,401 mill til prosjekt og 2,563 til drift.

Totale utgifter til prosjekt i regi av BRB har i 2013 vore kr 10,700.-mill.

Av driftskostnadane for BRB og BRB Vekst på 21 mill,- var ca 7 mill utgifter til «eksterne prosjektkostnader»; dvs innkjøp av tenester i prosjekta. Løyvinga frå HFK på 2,401 mill til prosjekt har gått til delfinansiering av desse eksterne prosjektkostnadane.

Av driftskostnadar på til saman 14 mill er kr 2,5 mill dekkja opp av tilskotet frå fylkeskommunen. Tilsaman har kr 3,7 mill av interne ressursar (m.a. tidsbruk av tilsette) vore nytta inn mot prosjekta medan ca 10,3 mill gjekk til resten av drifta.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tek «*Rapportering på bruk av tilskudd for Business Region Bergen i 2013*» til etterretning.
2. Fylkesutvalet viser til den planlagde gjennomgangen av Hordaland fylkeskommune sitt engasjement i Business Region Bergen og ber om ei ny sak når denne gjennomgangen er gjort.

Johnny Stiansen  
Fungerande fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 10.07.2014**

Business Region Bergen har sendt inn den årlege rapporten på bruk av tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Årsregnskapet og årsmeldinga for selskapet ligg til grunn. Business Region Bergen er eigd av Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune samt 12 kommunar og eit samarbeidsråd. Forretningsområda for selskapet er næringsvenleg offentleg sektor, marknadsføring og internasjonalisering. BRB jobbar for kommunane med kompetansebasert næringsutvikling og driver etablerarsenter. BRB har fokus på m.a. energi, marin og maritim sektor, kultur, media og kulturbasert næringsliv.

Årsrekneskapen til BRB er gjort opp med eit underskot på 1, 3 mill. Årsaka ligg i dotterselskapet BRB Vekst som vart etablert i 2013. BRB Vekst gjennomfører aktivitetar finansiert av bidrag frå kommersielle aktørar. BRB hadde ansvaret for kampanjen *Vekstlandet* og styrte mot eit planlagt underskot i samband med denne.

Det går fram av oversikta at BRB AS og BRB Vekst AS i 2013 hadde 21 171 886,- i driftskostnader (18 297 626,- for BRB og 2 874 260,- for BRB Vekst). I flg tildelinga i brev datert 19.mars 2013 har BRB fått overført 2,401 mill øyremerka til prosjekt og 2,563 til drift frå Hordaland fylkeskommune i 2013.

Drift (personalkostnader/lønn og andre driftskostnader):

Av driftskostnadene på til saman 14 236 980,- er kr 2 563 000,- dekkja opp av tilskottet frå fylkeskommunen.

Prosjekt:

Totale utgifter til prosjekt har i 2013 vore kr 10 691 400,-; dvs 50% av kostnadene i verksemda har vore prosjektretta. Av kostnadane var 6 934 906,- til «eksterne prosjektkostnader»/innkjøp av tenester i prosjekta. Løyvinga frå HFK på 2 401 000,- har gått til delfinansiering av desse «eksterne prosjektkostnadane». I tillegg har kr 3 756 500,- av «interne ressursar» (tidsbruk frå dei tilsette) i BRB vore nytta inn mot prosjekta.

Prosjekt/tiltak som hadde prioritet i 2013:

Prosjekt/tiltak	Innhald	Prosjektkostnader 2013
Etablerer senteret	Gjennomfører kurs og rettleiing for etablerarar	kr 1 586 800,-
Region Bergen profilen	Informasjonsmaterieil og marknadsføring av logoen	kr 572 200,-
Vekstlandet	Profilering av regionen og rekruttering av arbeidskraft gjennom nasjonal kampanje retta mot ungdom for synleggjering av karrieremoglegheiter.	kr 4 776 400,-
Faktaprojektet	Fakta om dei prioriterte næringane. Tala er tilgjengeleg på <a href="http://www.regionbergen.no">www.regionbergen.no</a>	kr 328 000,-
Delegasjonsreiser	Gjennomføring av delegasjonreiser til Seafood Expo Brussel, OTC Huston og Kina	kr 425 500,-
Grow	Årleg konferanse med tema innovasjon.	kr 1 124 300,-
Marin klyngeutvikling	Vidareutvikle og skape vekst i det marine miljøet i Bergensregionen i samarbeid med Fiskeriforum Vest. M.a. er det arbeidet med å gjere kjend «Bergen the Global Seafood Capital» og søknad om GCE-status for den marine klynga.	kr 463 900,-
Strategiprosessen	Målsetning om å spisse selskapets kjerneoppgåver. Det er gjennomført ståtdsanalyse med djupneintervju og kvantitativ undersøking	kr 743 300,-
Andre prosjekt	Fiskeriforum Vest, arealtilbod og anna.	kr 571 000,-
*)SUM:		kr 10 691 400,-

\*)Tala er totale utgifter på prosjekta; både interne og eksterne prosjektkostnader (sjå vedlegg for meir informasjon).

**Vurdering:**

BRB sin rapport om bruk av tilskotet for 2013 syner at tilskotta frå fylkeskommunen vert disponert etter intensjonen og at dei øyremarka prosjektmidlane går til konkret aktivitet og prosjekt forankra i *Strategisk næringsplan* og planar og strategiar for verksemda.

Fylkesrådmannen har tidlegare varsla behov for å gå gjennom innretting og nivå på støtta til BRB saman med dei andre eigarane (sjå sak 54/14 den 20.02.14). Mellom anna er den årlege støtta frå fylkeskommunen justert ned frå 5 mill til 4.18 mill i 2014. Bergen kommune har også tatt ned den årlege støtta tidlegare år og Askøy kommune har avslutta sitt engasjement i BRB. Dette gjer at det er trong for ein gjennomgang av fylkeskommunen sitt tilhøve til BRB på brei basis.

**Vedlegg:**

1. «Rapportering på bruk av tilskudd for Business Region Bergen i 2013» frå BRB.
2. BRB AS. Årsregnskap 2013
3. BRB AS. Styrets beretning 2013
4. BRB Vekst AS. Årsrekneskap 2013
5. BRB Vekat AS. Styrets beretning 2013